



Referat frå kommunemøte torsdag 18. februar 2021

Tema: Koronaberedskap

Deltakarar: Statsforvaltaren, kommunane, Helse Bergen, Helse Førde, Haraldsplass DS, fylkeskommunen og Sivilforsvaret.

Ikkje til stades: Fedje, Sunnfjord og Samnanger.

Innhald

1. Prosessen rundt nasjonal forskrift i Bergensområdet, Hardanger og Voss	1
2. Epidemiologisk situasjonsrapport	2
3. Særskilt unntak frå innreisekarantene for vaksinert utanlandsk helsepersonell i kritiske funksjonar.....	2
4. Smittestopp-app.....	3
5. Vaksinerings	3
Prioritering av vaksinerings av helsepersonell med AstraZeneca-vaksinen	3
Opptrekk av Comirnaty	4
Vaksinestrategi	4
Ansvarsdeling mellom kommune og helseføretak – vaksinasjon av helsepersonell	4
Utkøyring av vaksiner i påska	4
SYSVAK-nett har fått slettefunksjon.....	5
6. Vaksinesvindel	5
7. Kommunanes ansvar for oppfølging/tilsyn med etterleving av smittevernreglar og innreisekarantene	5
Ny rettleiar frå Helsedirektoratet.....	5
Nasjonalt kontrollsenter for innreisande	5
8. Status i Ulvik herad v/rådmann Thore Hopperstad.....	6
9. Nytt system for vekerapportering.....	6
10. Fylkeslege Helga Arianson trer av	7

1. Prosessen rundt nasjonal forskrift i Bergensområdet, Hardanger og Voss

Dei fjorten kommunane som har vore ein del av den statlege reguleringa etter kapittel fem i covid-19-forskrifta, deltok på eit møte med Helsedirektoratet (Hdir), Folkehelseinstituttet (FHI) og Statsforvaltaren i dag. Kommunane meiner no å ha så god oversikt og/eller kontroll, at det ikkje




lenger er rett å vere omfatta av den strenge statlege reguleringa . Hdir og FHI støttar vurderinga kommunane gjer, og Hdir vil innstille overfor regjeringa at kommunane går ut av reguleringa.

2. Epidemiologisk situasjonsrapport

Frå veke 5 til veke 6 var det ein nedgang i tal smitta frå 217 til 149, sjølv om det var ei auke i tal testa personar. Vi vurderer smittesituasjonen i fylket samla som ganske fredeleg, med unntak av lokale utbrot som etter vår vurdering ser ut til å kome under kontroll. Frå fleira hald ser vi nå auka bekymring kring situasjonen for barn, ungdom og unge vaksne. Særleg med omsyn til psykisk helse, der helseføretaka melder om stort hjelpebehov og mange alvorleg sjuke. Vi er uroa for mangel på sosiale og faglege møteplassar for elevar og studentar, og er oppteken av at kuren ikkje må gjere større skade enn sjukdomen i den situasjonen vi er i no.

Frå epidemiologisk rapport frå Vestland (FHI):



Full rapport finn de her: <https://www.fhi.no/publ/2020/koronavirus-ukerapporter/>.

Fylkeslegens vurdering og oversikt over risikonivå:

<https://www.statsforvalteren.no/vestland/samfunnstryggleik-og-beredskap/krisehandtering-og-samordning/fylkeslegens-vurderingar/>

3. Særskilt unntak frå innreisekarantene for vaksinert utanlandsk helsepersonell i kritiske funksjonar

Fullvaksinert utanlandsk helsepersonell som har kritiske funksjonar på sjukehus eller i kommunehelsetenesta får no særleg unntak frå karantene i arbeidstida.

I tillegg til at helsepersonellet må ha gjennomført vaksinasjon, vert det stilt krav om at helsepersonellet har testa negativt for korona med PCR eller antigen hurtigtest når dei kjem til Noreg, før dei tar til å jobbe. Arbeidsgjevar skal òg syte for at tilsette brukar munnbind og er ekstra nøye med å halde avstand i karantenetida. Helsepersonellet må vere i karantene i fritida.



Det må dokumenterast at den tilsette er fullvaksinert. Det er arbeidsgjevar som er ansvarleg for å innhente og kontrollere dokumentasjonen. Endringa tok til å gjelde frå midnatt i går og ligg i § 6e i covid-19-forskrifta.

4. Smittestopp-app

Vi har fått spørsmål om korleis kommunane skal handtere innbyggjarar som får varsel om mogleg eksponering for smitte gjennom nær kontakt med smitta person.

Vi har ikkje fått direkte svar frå FHI på dette, men det vart nemnt i brevet til kommuneoverlegane frå Preben Aavidsland v/FHI, som gjekk ut til kommunane denne veka. Kort fortalt gjev appen ei oppmoding til brukaren om å teste seg og halde seg heime til svaret er klart. Det er berre ei tilråding og ikkje eit krav.

Utdrag frå brevet som omtalar dette:

Smittestopp

Appen Smittestopp er nå lastet ned over 800 000 ganger, og det er mange kommuner som vil få henvendelser fra brukere som har fått melding om smitte i appen fremover. Appen virker ved at smittede personer skriver inn i appen at de er smittet. Da går det melding til andre app-brukere som har vært i nærheten av den smittede. De oppfordres til å kontakte kommunen for å teste seg, og holde seg hjemme til testresultatet er klart (se meldingen her <https://www.fhi.no/om/smittestopp/beskjed-om-smitte/>).

Appen anbefaler testing, og det er ikke et krav.

Grunnen er at appen baserer seg på Bluetooth-signaler. Denne teknologien er avhengig av flere forhold (for eksempel hvor telefonen er i forhold til kroppen, om den er i lomma eller annet), og dette gjør at vi ikke kan være helt sikre på at registreringen virkelige indikerer nærkontakt. Hvis en bruker ringer dere i kommunen om melding i appen, men ikke vil teste seg, er altså dette helt i orden; det ligger ingen krav bak dette.

Effekt av appen

Det er mange som lurer på hva effekten av appen er. Ut fra tester av appen som vi gjorde før lansering, med simuleringer av buss-transport og butikk-kø, vet vi at appen vil identifisere de aller fleste app-brukere som er i nærheten av en person som har meldt seg smittet i appen. Effekten er størst dersom for eksempel alle har appen i hånden, og ikke i baklomma eller andre steder hvor kroppen kan komme i veien for signalene.

Vi i FHI kommer til å jobbe mer med å kunne måle og dokumentere effekt av appen fremover.

5. Vaksinerings

Prioritering av vaksinerings av helsepersonell med AstraZeneca-vaksinen

Det har kome nye føringar for bruk av AstraZeneca-vaksinen, som er omtala i vaksinasjonsbrev nr. 13 som vart sendt til kommunanes postmottak i dag. De kan lese meir utfyllande om dette i brevet de har fått, men vi vil framheve nokre hovudpoeng her.

AstraZeneca-vaksinen er tilrådd til helsepersonell og personar under 65 år (gruppe 5). Personar over 65 år eller personar under 65 år med underliggende sjukdomar som har særleg høg risiko for alvorleg sjukdom (gruppe 1-4), skal ha ein av dei to godkjende mRNA-vaksinane.



Frå og med veke 8 er det kun AstraZeneca-vaksinen som skal brukast til helsepersonell (<https://www.fhi.no/nyheter/2021/helsepersonell-far-astrazeneca-vaksine-i-uke-8/>). Det betyr at mRNA-vaksinane skal haldast av til dei i prioriteringsgruppene 1-4. Helsepersonell med alder eller tilstand som gjer at dei er i gruppe 1-4, skal få tilbod om mRNA-vaksine.

Ikkje alle kommunar får AstraZeneca-vaksinen kvar veke, distribusjonen skjer i puljar for å få ei jamn fordeling til kommunar av ulik storleik grunna store minstepakningar. For veke 8 er det under halvparten av kommunane i Vestland som får denne vaksinen. Dei som får denne i veke 8 kan bruke alle dosane på prioritert helsepersonell, sjølv om dette er meir enn 20 % av totalt tal nye dosar. Kommunane som ikkje får AstraZeneca-vaksinar i veke 8 må vente med å vaksinere helsepersonell til denne blir levert til kommunen. FHI kjem tilbake til når vaksinasjon av gruppe 5 med AstraZeneca-vaksinen skal starte. Meir informasjon om dette har vi førebels ikkje fått.

Opptrekk av Comirnaty

Vaksinen Comirnaty fra BioNTech/Pfizer kjem i hetteglas med 6 dosar per hetteglas, og godkjenning er basert på det. Dette er ei utviding sidan dei same hetteglasa først var godkjent for 5 dosar. Dersom ein vel andre løysingar for opptrekk, er dette i følgje Legemiddelverket såkalla «off label»-bruk. «Off-label»-bruk må vere godkjent av ansvarleg lege/verksemdsleiar som då står ansvarleg for eventuelle konsekvensar av slik bruk. Vi tolkar dette til å gjelde ev. opptrekk av 7 dosar per hetteglas.

Vaksinestrategi

Vi spurte FHI om revidert vaksinasjonsstrategi i møte tysdag. Det vil ikkje bli noko total revurdering av strategien; dei grunnleggande måla og prioriteringane står fast. FHI har likevel fått meir kunnskap og vil gjere ei revurdering ut frå det. Det mest aktuelle er å vurdere ei meir heterogen (ulik) fordeling av vaksinar, men det vil nok ikkje føre til store endringar for den einskilde kommune.

Vi sa òg at kommunane ønskjer informasjon om revidert vaksinasjonsstrategi i forkant av pressekonferanse, for å vere meir førebudde enn ved tidlegare høve. FHI hadde forståing for det. I same møte gjentok FHI at det er viktig å syte for at alle i prioriterte grupper får informasjon frå kommunen om vaksiner.

Ansvarsdeling mellom kommune og helseføretak – vaksinasjon av helsepersonell

I vaksinasjonsbrev nr. 13 står det meir utfyllande om ansvar for vaksiner av ikkje-kommunalt tilsett helsepersonell. Helseføretaka har ansvar for dei som er tilsette i helseføretak eller som har driftsavtale med eit helseføretak. Kommunane har ansvar for anna helsepersonell som utfører helsetenester i kommunen, uavhengig av kven som er arbeidsgjevar for desse (kommunalt, fylkeskommunalt, driftsavtale, privat). Kommunane og helseføretaka må sjølv prioritere mellom dei ulike gruppene helsepersonell så lenge det er knappheit på vaksinar. I nemnde brev finn de lenker til meir informasjon i koronavaksinasjonsrettleiaren om ansvaret knytt til dette.

Når det gjeld helsepersonell som byter jobb mellom kommune og helseføretak i tida mellom to vaksinedosar, t.d. turnuslegar, må kommunar og helseføretak vere fleksible slik at helsepersonellet får rett vaksinedose nummer to til rett tid på ny arbeidsstad.

Utkøyring av vaksiner i påska

Det blir utkøyring av vaksinar i påskeveka òg, FHI sa seinast tysdag denne veka at dei ikkje klarer å ta høgde for ønska frå kommunane om å unngå levering av vaksinar på skjærtorsdag og langfredag. Årsaka er knytt til logistikk, då FHI får vaksinar inn til landet på måndagar og sender dei ut med ein gong.



SYSVAK-nett har fått slettefunksjon

Frå 17. februar vart det mogleg å slette feilregistrerte vaksinasjonar i SYSVAK-nett (webløysinga for SYSVAK-registrering via Helsenett for dei som ikkje har EPJ med integrert SYSVAK-modul). Hugs rette vaksinekodar og batchnummer, spesielt no som det kjem fleire vaksinar parallelt.

Dersom kommunelegane ønskjer meir vaksinasjonsopplysingar enn dei får i Sykdomspulsen og statistiksiden til FHI, kan dei søkje om dette til SYSVAK viss det er ein del av overvakinga av covid-19 i kommunen. Søknad sendast då til: sysvak.data@fhi.no

6. Vaksinesvindler

Nasjonal sikkerheitsmyndigheit (NSM) åtvarar mot det dei kallar vaksinesvindler. Dei meiner det er grunn til å tru at svindlarar vil utnytte at folk ventar på vaksine og informasjon frå det offentlege om når dette kan bli. NSM trur t.d. at svindlarar vil tilby vaksinasjon mot førehandsbetaling, eller at det vert gjort forsøk på å lure inn skadevare på datautstyr til privatpersonar eller arbeidsgjevarar.

NSM meiner at det er ei utfordring at kommunikasjonen rundt oppmoding om vaksiner, og informasjon om at bebuarane vil bli kontakta, i mange tilfelle manglar konkret omtale av korleis denne kommunikasjonen vil føregå. Manglande informasjon kan gi eit handlingsrom svindlarar kan utnytte.

NSM tilrår at kommunar og andre helsestyresmakter spissar og standardiserer budskapet som skal ut til folk, slik at den m.a. inneheld opplysningar om :

- Kven som vil kontakte pasienten/brukaren.
- Kva kommunikasjonskanal som vil nyttast (og ikkje nyttast).
- Korleis beskjeden vil vere utforma.

NSM tilrår òg at det vert understreka kva som aldri vil verte etterspurt, som t.d. (førehands)betaling og kortinformasjon. Brev frå NSM om dette vert sendt ut saman med referatet.

7. Kommunanes ansvar for oppfølging/tilsyn med etterleving av smittevernreglar og innreisekarantene

Ny rettleiar frå Helsedirektoratet

Hdir informerte oss i går om at dei i løpet av neste veke vil kome med ein rettleiar for tilsyn og oppfølging av smittevernreglane. Hdir nemnte stikkord som:

- Tilsynsmetodikk
- Kva smittevernreglar/område kommunane bør og skal prioritere tilsyn med
- Oppfølging av brot

Rettleiaren vil òg omtale oppgåver/ansvar for nasjonalt kontrollsentral og politiet, og det ansvaret Arbeidstilsynet har for tilsyn knytt til arbeidsgjevarar og karantene/innkvarteringsfasilitetar. Rettleiaren vil òg ha med sjekklister om aktuelle lovheimlar, kva det skal førast tilsyn med og gjennomføring.

Nasjonalt kontrollsentral for innreisande

Vi sendte ut eit brev frå Hdir på måndag denne veka, med informasjon om det nasjonale kontrollsenteret som starta drifta si denne veka. Det er Helfo som har fått dette oppdraget frå Hdir. Føremålet med kontrollsenteret er å hindre importsmitte, sikre etterleving av smittevernreglane, og konkret bistå slik at kommunane og arbeidstilsynet kan spisse sine tilsyn mest mogleg inn mot tilfelle



der det er mistanke om manglande etterleving av innreisekarantene.

Litt om oppgåver og vidare implementering av oppgåver for kontrollsentret:

- Fase 1 (no): rettleiing om karantene, tiltak ved symptom m.m. Dei sender sms til den reisande på dag 2 og 5 etter innreise på språk vedkommande har valgt, med lenker og informasjon. Dei har òg starta med å ringe opp prioriterte grupper for å rettleie. FHI avgjer kva grupper som skal prioriterast å kontakte på telefon av kontrollsentret.
- Fase 2 er venta å starte 1. mars; med eit "beredskapsregister" der kommunane og Arbeidstilsynet vil få tilgang til opplysningar om kontrollsentret har vore i kontakt med aktuelle reisande, svar på sentrale spørsmål (ja/nei) og kunne sjå om det er mistanke om brot på reglar.

Tilgang:

Vi forstår at tilgang til opplysningar/rapport vil bli gjort tilgjengeleg for kommunane i løysing som speglar og er lik reiseregistreringssystemet, men at innlogging skjer i eigen portal/nettside. Det skal òg slik vi forstår det bli gitt tilgang til kommuneoverlege - men at kommuneoverlegen kan delegere dette vidare internt. Vi informerer så snart det kjem meir praktisk informasjon.

Fase 3 er ikkje tidfesta per no, her handlar det om vidareføring og utvikling m.a. med kopling av registeret mot MSIS labdata, for m.a. å kunne sjå om den reisande har gjennomført test ved grensepassering. Førrebeles er kontrollsentret gitt oppdraget fram til 30. juni. Dei kan per i dag rettleie på ni språk, eventuelle behov for å utvide med fleire språk blir vurdert undervegs.

8. Status i Ulvik herad v/rådmann Thore Hopperstad

Korreksjon jf. sist møte/referat; det vart i siste møte sagt at det var god margin tidsmargin etter siste vaksine for nokre bebuarar ved omsorgstunet som smitta. Det rette er at det var knapp margin etter at vaksinen vart sett. Det ser elles ut som at vaksinane fungerer, nokre har blitt sjuke men det har gått veldig bra med dei.

Status per i dag er i alt 133 smitta. Etter testing av 83 personar tysdag denne veka har heradet fått påvist tre nye tilfelle. Dei har fått veldig mykje hjelp av personell frå både fjern og nær. Det har vore avgjerande, og heradet er veldig takknemlege. Det gjer at dei har klart å få til ein form for turnus. Sjølv om den ikkje er så langsiktig, slepp dei planlegge frå dag til dag innanfor helseområdet. Dei har i alle fall hjelp denne og neste veke.

Testing går fint, det blir gjennomført testing to dagar denne veka. Frå neste veke overtek heradet testing igjen sjølv, etter at Bergen legevakt som ein lengre periode har støtta med ambulant testteam og -bil.

Fylkesberedskapssjefen peika på at all støtta heradet har fått og får frå nabokommunar, Bergen legevakt, Helse Bergen og andre kommunar, er døme på ein «gladsak» som viser at fylket løfter saman i ein vanskeleg situasjon.

9. Nytt system for vekerapportering

Som informert om førre veke har vi no gått over til nytt system for vekerapportering, som



Statsforvaltaren i Vestland

kommunane må søke om brukartilgang for å ta i bruk. Per no har 32 av 43 kommunar søkt om brukartilgang. Vi sendte ut e-post tysdag morgon med meir informasjon, denne blir òg lagt ved utsending av referatet.

Rapporteringstidspunktet er endra til innan kl. 12.00 måndagar frå og med neste veke.

Ved spørsmål om rapporteringsløysinga, ta kontakt med Mari Severinsen (fmsfmse@statsforvalteren.no).

10. Fylkeslege Helga Arianson trer av

Dette var siste kommunemøtet Helga Arianson deltok på før ho trer av som fylkeslege. Fylkesberedskapssjef Haavard Stensvand takka for eit veldig godt samarbeid, ikkje minst dette siste året under pandemien. Han sa at ho kombinerer kunnskap med klokskap, noko som har vore særleg viktig gjennom dette siste året.

Helga er svært oppteken av at embetet skal gjere kommunane i stand til å gjere ein best mogleg jobb. Ho har m.a. vist dette ved måten ho har tatt på alvor alle spørsmål, innspel og problemstillingar som har kome. Helga forventar mykje av seg sjølv og av oss, og har lagt mykje tid og krefter i å gjere oss i stand til å gi gode råd og svare på det vi blir spurt om. Stensvand omtalte ho som ein arbeidsmaur av dei sjeldne, alltid oppteken av å gjere ein best mogleg jobb for dei vi er sett til å tene. Frå dei tre helseføretaka i fylket fekk ho i møte i går òg ein veldig varm takk. Ikkje minst for innsatsen sin for helsetenestene i heile Vestland. Han la til at det er ingen tvil om at Helga Arianson nyt veldig stor respekt ute i tenestene, ikkje minst fordi ho alltid har jakta på måtar å bli betre.

Helga Arianson fekk overrekt ein blomsterbukett frå beredskapsmiljøet i embetet, og Stensvand sa han trudde mange av kommunane ville henge seg på både takke- og blomsterhelsinga. Teams-møtet lyste opp med videobilete av klappande deltakarar, og med takke- og lukkeønskingar i chat.

Stensvand avslutta med å ønskje Sjur Lehmann velkommen som ny fylkeslege, som han ser fram til å samarbeide vidare med i den nye rolla hans.

Helga Arianson takka for blomster og helsing, og takka alle. Særleg til kommunane, til alle dei som jobbar i kommunane, til kommuneoverlegane, dei som jobbar med beredskap og til politikarane. Først og fremst ein takk for det ansvaret og jobben dei har tatt og gjort det siste året. Ho takka for alt dei gjer for innbyggjarane, for godt samarbeid og for at det alltid har vore lett å ta kontakt med dei. Arianson framheva særleg kor godt kommunane har samarbeida med kvarandre og hjelpe kvarandre det siste året. Korleis dei har samarbeida med sjukehusa, og samarbeida med oss. Alle har blitt sett på prøve, har strekt seg langt og gjort ein kjempejobb. Ho avslutta med å seie at det er ei rar tid å tre av på, men at ho går av etter ein fantastisk reise i denne jobben i mange år – ikkje minst på grunn av alle ho har fått samarbeide med ute i kommunane. Ho ønskte lukke til med viktige oppgåver i fortsetjinga og takka for seg.